



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
63/18	Formannskapet	13.11.2018
	Kommunestyret	11.12.2018

## Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

### Vedlegg:

#### 1 Budsjett og økonomiplan 2019-2022

Kommuneloven har i § 44-47 reglar for økonomiplan, for årsbudsjett sitt innhald og årsbudsjettet sin bindande verknad. Formannskapet si innstilling skal i medhald av loven liggje ute til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den blir handsama i kommunestyret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vere realistisk jfr. §44-3 og §46-3.

Fyrste året i økonomiplanen for perioda 2019-2022 blir vedteken som årsbudsjettet – drift og investeringar - for Vågå kommune for 2019.

Rametilskotet blir fastsett i Stortinget og ligg inne i økonomiplanen slik Regjeringa sitt budsjettforslag og tilleggsproposisjon ligg føre.

### Vurdering:

Dei ulike vurderingane kjem fram i tekstdelen til økonomiplanen for 2019-2022.

Vi tek atterhald om skrive- og trykkfeil i økonomiplandokumentet.

### Rådmannens innstilling:

1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2019-2022 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i Kommunestyret si handsaming.
2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2019-2022 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2019, jfr. Budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Ombudsløn blir sett til kr. 645 400 (2% auke), jfr. Reglement for frikjøp, godtgjersle med meir for kommunale ombud, sak 20/04 vedteke 04.05.04, pkt. 1.0, sak 36/08 vedteke den 24.06.08 og revidert 14.05.2013, sak 30/13.
4. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 84% av stortingsrepresentantløn
5. Marginavsetning for skatt i skatterekneskapen er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05.

## Saksprotokoll i Formannskapet - 13.11.2018

## Behandling:

Rådmannen reduserte orienterte om prinsippet om at kjøp av konsulentbistand innan næring, ikkje skal føre til auka forbruk for Vågå kommune. Dette frigjev 300 000 i rådmannens forslag til budsjett.

SV har etter forslag frå kommunestyret delteke under behandling av budsjettsaker i formannskapet.

### Forslag frå Sosialistisk venstreparti

Foreslår ein post på kr. 100.000 til Enøk-tiltak som folk kan søkje på til delfinansiering av Enøk-tiltak i private bustadar. (som tidlegare ordning)

### Forslag frå Senterpartiet

#### Endringar i tal-delen

INVESTERINGAR	2019	2020	2021
Ta ned investering brannbil, feilbudsjettering		-1300	
RÅDMANN			
Ta ut Vågå-Dågå	-70		-70
Auke tilskot arrangement	100	50	120
Auke kulturkontor arrangement	20	35	35
Redusert drift Ullinsvin	-50	-50	-50
Ta ut landskappleiken etter 2019		-35	-35

#### Vedtak som ikkje endrer tal-delen

Vedtak om omklassifisering til privat veg oppretthaldast, innsparing avsettes på vegfond

Vedtak om sal av kommunale boliger oppretthaldas, inntekter avsettes til vedlikehald på resterende boligmasse

Justere aktivitet på Gjendegarden så inntekter og utgifter kjem i balanse

Vi ønsker å arbeide etter eit prinsipp der meir midler blir avsett på næringsfond, landbrksfond og arrangementsfond, og redusere kommunale utgifter. Slik vil vi stimulere til omstilling, vekst og aktivitet. Vi ønskjer å realisere svømmehall først, og utsette bru over Finna. Investeringssposten blir flytta, det same gjeld feilbudsjettering brannbil

### Forslag frå Bygdalista:

#### BYGDALISTA I VÅGÅ

Innspel formannskap, kommunebudsjettet 2019 og økonomiplanen 2019-2022

Bygdalista ser at det må til strukturelle grep for å få ned kostnadene til eit nivå som harmonerer med inntektene. Osthøvelprinsippet har vore brukt lenge. Smertegrensa er nådd og vi kan vanskeleg oppretthalde standarden ved å kutte meir. Slik vi ser det er strukturelle grep saman med andre kommunar er det einaste som kan oppretthalde tilboda til innbyggjarane. Det er allereie eit utstrakt interkommunalt samarbeid i Nord-Gudbrandsdal. Skal vi kome vidare er kommunesamenslåing neste steg.

Det er med bekymring Bygdalista registrerer at ein del av politikarane i Vågå ikkje tek innover seg den alvorlege situasjonen vi står i. Administrasjonen har gått drastisk til verks dei siste åra for å styrka disposisjonsfond og handlingsrom, dei ansette har anstrengt seg for å nå måla som er sett. Da må det være vår plikt som folkevalde å følgje opp dette med ansvarsfulle vedtak.

Bygdalista utfordrar på nytt dei andre folkevalde til å ta initiativ overfor kommunane rundt oss for å gå inn i reelle forhandling om samanslåing. Bygdalista er svært skuffa over den tidligare forhandlingsprosessen med Sel. Ein ser at prosessen var eit spel for galleriet der det ikkje var reell vilje til å få ei framtidretta løysing.

Bygdalista i Vågå vil prioritere å sette kommunen i stand til å takle dei store investeringane vi ser må komme, spesielt innan helse og omsorg, skule og svømmehall. Vågå kommune har gjennom ei årrekke investert tungt i Helsesenter, Skule, Bufelleskap, Idrettshall og Kulturhus. Utfordringane med dei fleste investeringane er at det ikkje i stor nok grad har vorte lagt til rette for effektiv drift og sambruk. Dette har ført til eit svært stort låneoppptak som ein på grunn av dyr drift og feil beslutningar ikkje har klart å betale ned fort nok.

Når ein arbeider med effektivisering av kommunal drift er det samstundes viktig å fokusera på dei områda det skal satsast på for framtidig næringsutvikling. For Bygdalista i Vågå er Ullinsvin, Flyplass på Tolstadåsen og Vågå som Arrangementsbygd nokre av dei viktige satsingsområde i tillegg til næringskoordinatoren vi fekk på plass i 2017.

Bygdalista fekk gjennom fleire forlag til strukturelle endringar i fjor. Året budsjett vert ei vidareføring av denne retninga som no ligg i rådmannens forslag.

Dei primære oppgåvene kommuna har, fyrst og fremst i form av gode skule- og omsorgstenester, tar ein større del av budsjettmidlane framover. Skal vi framleis kunne bidra til kulturliv og næringsutvikling må vi tenkje smartare og få meir ut av kvar krone vil ta sterkare strukturelle grep og skissere regionale løysingar i framover. Det er ikkje lenger prat om å springe fortare, men arbeide smartare og få meir ut av kvar krone.

## Endring i forhold til rådmannens forslag

### Driftsbudsjettet

#### Kompetanseheving ansatte.

Skal kommuna kunne svara til forventningane brukarane har må det arbeidast målretta for at ansatte har den kompetansa som krevst. Moglegheit for kompetanseheving er og ein viktig del av det å være attraktiv arbeidsgjevar. Bygdalista går for å leggja inn ein årleg bevilgning for kurs og kompetanseheving. Vi forutset at ikkje dette berre vert brukt på vidareutdanning, men fyrst og fremst som eit motivasjons og trivselstiltak.

#### Vedlikehald kommunale vegar

Bygdalista meiner at ein må få vidareført prosess på antal vegar kommunen vedlikeheldar. Dagens ordning kan for mange verke urettferdig og vilkårleg mht kva vegar som blir definerte som private eller kommunale og kven som får støtte til vedlikehald. Her ønskjer Bygdalista å få meir ut av kvar krone. Likheitsprinsippet må leggjast til grunn når eit berekningsgrunnlag for private vegar skal utgreiast.

#### Driftstilskot private vegar

Bygdalista vil auke bidraget til vedlikehald av private vegar i takt med omklassifiseringa.

#### Kommunale midlar næringsfond

Bygdalista meiner at driftsbudsjettet er så pressa jmf. Handlingsregelen at ein ikkje er i posisjon til å kunna bruka driftsmidler til tilskot/næringsfond. Skal vi gje tilskot til næringsutvikling må desse primert koma frå utbytte Eidefoss.

Leige av tenester til næringsutvikling.

Bygdalista meiner at når formannskapet har vedteke å leige ut nyttilsett næringskoordinator må ein ta konsekvensen utan at dette fører til store meirkostnader.

Kommunal andel tippemidlar

Meiner at det ikkje bør øyremerkjast midler til tippmiddelsøknader.

Fellestenester andre kommunar.

Det må arbeidast målretta for å løyse oppgåver saman med andre kommunar i større omfang enn i dag.

Reduksjon godtgjersle folkevalde

Bygdalista meiner at godtgjersla må ned sett i lys av belastningane dei ansette i kommuna må akseptere. Kveldsmøter gjev ikkje anledning til å skrive rekning for tapt arbeidsforteneste.

Investeringsbudsjettet

- Bru over Finna blir teke ut.

Taldelen:

Endring i forhold til rådmannens forslag

<b>Driftsutgifter</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Fond kompetanseheving kommunalt ansatte		350	350	350
Redusert vedlikehald kommunale vegar	- 100	-1500	-2000	-2000
Driftstilskot private vegar		300	400	400
Næring -kjøp av konsulentbistand	-740	-740		
Kommunale midler næringsfond	-650	-650	-650	-650
Utbytte frå Eidefoss til næringsfond	250	250	250	250
Kommunal eigenandel tippemidlar	-250	-250	-250	-250
Reduksjon godtgjersle folkevalde	-170	-170	-170	-170
Sum til disposisjonsfond	-1660	-2410	-1820	-1820
<b>Investeringar</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Ta ned investering til bru		-4020		
Tankbil		-1300		
Sum	0	-5320	0	0

Endring i møte etter presisering frå BL: Næring – kjøp av konsulentbistand går ut.

**Forslag frå Arbeidarpartiet**

13. november 2018

**Kommunebudsjettet 2019 og økonomiplan 2019 – 2023**

Vågå Arbeiderparti er glad for at dei forslaga som vart fremja for 2018 er vidareført i økonomiplanperioden. Vågå Arbeiderparti vil og gje honnør til rådmannen og alle tilsette i Vågå Kommune for eit ryddig og ansvarleg budsjett for 2019 og framstilling av økonomiplanen for neste fireårs periode på ein særskild god og ryddig måte. Dette fortener honnør sidan utgangspunktet,

administrativt sett for 2018, ikkje var bra noko som skuldast mykje uro i organisasjonen med bakgrunn i kjente hendingar. 2018 skulle vera eit «omstillingas år». Ein ser no klart for seg at dette og må bli gjeldande mantra for 2019 og at hovudoppgåva blir å få på plass ein godt fungerande organisasjon.

2018 har vore eit utfordrande år og 2019 vil difor bli eit viktig år for å få drifta tilpassa de økonomiske ramane og å oppretthalde Vågå som ei trygg og solid kommune. Vågå Arbeiderparti vil prioritere desse områda:

### Symjehall

Å få på plass ein symjehall tilpassa behova vi har i dag er ei viktig prioritering. Ut i frå alle rapportane som har vore framlagt, er det ikkje forsvarleg å rehabilitere dagens symjehall og Vågå AP vil difor prioritere eit nybygg. Vågå AP vil ta initiativ til en idedugnad om kvar og korleis dette kan løysast før det blir sett i gong eit arbeid med eksternt konsulentkjøp. For 2019 ligg det inne ein unytta post frå 2018 på kr. 300'. Vågå AP tek atterhald om å koma attende med ekstra tilskot for å få fortgang i bygging av ein ny symjehall. Ein ny symjehall må uansett plasserast fysisk på ein slik måte at ein kan ha sambruk med t.d. eksisterande kulturhus og ein ny symjehall må og kunne nytte moderne oppvarmingskjelder og byggeteknikk som set klima og miljøtanken i sentrum.

### Landbruksfond

Vågå AP registrerer attendemeldingar frå administrasjonen om at etterslepet vart teke inn gjennom tilleggsføringar for 2018 og at det ordinære behovet er dekt gjennom det årlege budsjettet på 250'. Samtidig vart sumaren 2018 nok ei stadfesting av at landbruket står framfor store utfordringar med omsyn til klimaendringar. Ein ser og for seg blant anna ein auka etterspurnad etter tilskot til vatningsanlegg. Vågå AP er opptatt av at landbruket skal ha gode vekstvilkår og vil bruke tida fram til den endelege handsaminga i kommunestyret om å vurdere storleiken på denne posten.

### Nærings- og bustadareal

Vågå AP er opptatt av at ein og framover skal ha ei offensiv haldning til opparbeiding av næringstomter. I den samanheng meiner Vågå AP at ein skal starte arbeidet med klargjering av to allereie utpeikte tomter på Kolbotn industriområde, dette etter sjølvkostprinsippet. Det same gjeld å fortsetja arbeidet med å leggje til rette for etablering av bustadtomter og fortetting i sentrumsområder både i Vågåmo og på Lalm.

### Breiband

Rådmannen har i sitt budsjett for 2019 avsett 1 mill. til utbygging av fiber innover Sjudalen. For å styrke dette vil Vågå AP at ein avset ytterlegare 1. mill. til disposisjonsfond breiband i 2019. Saman med avsette midlar for 2018 på kr. 2 mill., har ein då kr. 4 mill. til disposisjon for dette formålet. Vågå Kommune må fortsetja arbeidet med å søkje offentlege midlar for å sikre ei kvalitativ god utbygging i heile bygda og som sikrar alle husstandar god nok breibandshastigheit.

### Investeringspresentasjon 2019 – 2023

Vågå AP ynskjer ikkje for driftsåret 2019 å påføre Vågå Kommune ytterlegare låneopptak som i sin tur fører til at driftsbudsjettet aukar med omsyn til renter og avdrag.

Vågå AP vil likevel fremje to forslag til endringar i framlagt investeringsbudsjett:

### Bru over Finna

Bru over Finna vart ved endeleg budsjetthandsaming i 2017 fløtt til 2020. Dette gav som konsekvens at ein mista ein del av tildelte trafikktryggleiksmidlar. Av desse midlane står det no att kr. 500' til disposisjon.

Vågå AP meiner at ei bru over Finna er eit viktig tiltak for å knyte sentrum betre saman og gje barn og unge ein raskare og tryggare veg til skule/fritidstilbod enn det er i dag. Samstundes vil dette vere eit viktig Fysak tiltak for å knyte saman turstigane i Vågåmo.

Vågå AP ynskjer at arbeidet med bru over Finna skal setjast i gong i 2019, men at ein føresetnad er å følgje rådmannen si anbefaling om at nye låneopptak fyrst vil bli gjennomført hausten/vinteren 2019. Renter og avdrag vil difor fyrst bli aktivert for budsjettåret 2020 og difor ikkje ha verknad på Rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett for 2019. Vågå AP legg som føresetnad at det på nytt blir søkt om midlar knytt til trafikktryggleik og at ein nyttar tilskotsportalen for finne moglege alternative tilskotsmidlar.

Investering inkl. mva: Kr. 4.020

Renter/avdrag frå 2020: Kr. 175'

Til fråtrekk kjem momskompensasjon, disponibelt tilskot kr. 500' og ev. nye tilskot etter søknad.

### Trafikklys etter Industrivegen i Vågåmo

Langs etter heile Industrivegen er det allereie opparbeida gangfelt, men det har fram til no ikkje vore avsett midlar til gateljos. Etablering av gateljos frå Vågåvegen til Reinseanlegget vil gje det gåande ein større tryggleik samstundes som det vil sikre industrianlegg og bygg på ein betre måte enn i dag.

Etablering av gateljos vil og sikre kryssing av Vågåvegen på ein betre måte enn slik det er i dag. Det vil og bli tryggare for gåande som kryssar til/frå bustadområdet Utstillingsplassen. Gangfelt etter Industrivegen heng naturleg saman med eit større turområde som omfattar heile området kring sentrum rekna frå Vanglandet. Saman med bru over Finna vil ein sikre eit utvida turområde som set trafikktryggleik i sentrum. Vågå AP vil følgje rådmannen si anbefaling om at nye låneopptak fyrst vil bli gjennomført hausten/vinteren 2019. Renter og avdrag vil difor fyrst bli aktivert for budsjettåret 2020 og difor ikkje ha verknad på Rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett for 2019. Vågå AP legg som føresetnad at det på nytt blir søkt om midlar knytt til trafikktryggleik og at ein nyttar tilskotsportalen for finne alternative tilskotsmidlar og at ein ser dette og i samanheng med bru over Finna.

Investering inkl. mva: Kr. 1.390

Renter/avdrag frå 2020: Kr. 60'

# INVESTERINGSPRESENTASJON

## Forslag frå Vågå Arbeiderparti

Investeringsbudsjett						
	Prosjektnr	2019	2020	2021	2022	
<b>Prosjekt (brutto kostnad):</b>						
<b>Rådmann</b>						
Regiondata	1006	430				
Nytt IT utstyr	1124	700				
<b>Helse og omsorg</b>						
<b>Oppvekst, kultur og NAV</b>						
IKT-investeringar grunnskule	2015	600	-			
<b>Teknisk mm.</b>						
Prosjekt helse og omsorg (inkl. Moavegen og tiltak i boligsosial plan)	5321	5 950				
ENØK kulturhuset/Vågåhallen	5318	2 400				
Kommunale vegar	5100	3 062				
ENØK plan	5328	120				
Ventilasjonsanlegg Eksismoen	5345	540				
Oljeutskiller brannstasjon	5503	420				
Støttemur Holvegen 4	5346	400				
Gangbru over Finna	5112	4 020	-			
Solskjerming ungdomsskulen	5341	516				
Tankbil			2 500			
Forprosjekt Lalm vassverk	5658	500				
Tiltaksplan VA Vågåmo (sjølvkost), prosjektering Øvre Langskåre	5709	500	3 500	3 500	3 500	
Gateljos Industrivegen		1 390				
<b>Andre investeringar</b>						
Eigenkapitalinnskott KLP	1020	1 120	1 140	1 160	1 180	
Nye formidlingslån	1001	3 000	3 000	3 000	3 000	
Avdrag formidlingslån	1001	900	900	900	900	
<b>Sum kommune</b>		<b>26 568</b>	<b>11 040</b>	<b>8 560</b>	<b>8 580</b>	

Konsensus forslag: Kommunale tiltak som utleige av Gjendegarden skal etterstrebast å gå i balanse

Konsensus forslag: Vi ønsker å arbeide etter eit prinsipp der meir midler blir avsett på næringsfond, landbruksfond og arrangementsfond, og redusere kommunale utgifter. Skal følgje tidlegare vedtak om avsetting av 5% til næringsfond av utbytte frå Eidefoss. Ein skal søkje eksternt medfinansiering, gjennomgåande for alle prosjekt.

Slik vil vi stimulere til omstilling, vekst og aktivitet.

Konsensus forslag: Vi ønsker å realisere svømmehall, og at investeringar til dette blir prioritert i økonomiplanperioden. Vidareført 300 000 frå 2018 til 2019 – det blir teke atterhald om å koma attende med ekstra tilskot for å få fortgang i bygging av ein ny symjehall

### **Avstemming punkt for punkt:**

Syner til forslag frå dei enkelte partia.

- Enøk-tiltak: kr. 100.000 til Enøk-tiltak som folk kan søkje på til delfinansiering av Enøk-tiltak i private bustadar. - Samrøystes
- Korrigering feilbudsjettering brannbil – Samrøystes
- Ta ut Vågå Dågå – Samrøystes nedstemt (Fortsatt bevilling Vågå Dågå 2019,2021)
- Auka tilskot arrangement (disposisjonsfond) - Samrøystes
- Auke kulturkontorarrangement – Samrøystes
- Redusere drift Ullinsvin – Nedstemt med 4 mot 3 røyster
- Stadfesting av tidlegare vedtak om omklassifisering av kommunale vegar - Samrøystes
- Stadfesting av tidlegare vedtak om kommunale bustader – Samrøystes
- Kommunale tiltak som utleige av Gjendegarden skal etterstrebast å gå i balanse - Samrøystes
- Vi ønsker å arbeide etter eit prinsipp der meir midler blir avsett på næringsfond, landbruksfond og arrangementsfond, og redusere kommunale utgifter. Skal følgje tidlegare vedtak om avsetting av 5% til næringsfond av utbytte frå Eidefoss. Ein skal søkje ekstern medfinansiering, gjennomgåande for alle prosjekt. Slik vil vi stimulere til omstilling, vekst og aktivitet - Samrøystes
- Vi ønskjer å realisere svømmehall, og at investeringar til dette blir prioritert i økonomiplanperioden. Vidareført 300 000 frå 2018 til 2019 – det blir teke atterhald om å koma attende med ekstra tilskot for å få fortgang i bygging av ein ny symjehall – Samrøystes
- Prosjekt bru over Finna – Investeringsplan 2019 – Samrøystes
- Kompetanseheving tilsette - Nedstemt med 6 mot 1 røyst
- Vedlikehald kommunale vegar - Nedstemt med 6 mot 1 røyst
- Driftstilskot private vegar - Nedstemt med 6 mot 1 røyst
- Reduksjon av kommunale midlar til næringsfond - Nedstemt med 6 mot 1 røyst
- Ta ut løyving til leige av tenester til næringsutvikling - Nedstemt med 6 mot 1 røyst



- Ta ut kommunal andel tippemidler - Nedstemt med 6 mot 1 røyst
- Stadfesting av tidlegare vedtak: Felles tenester andre kommunar – Samrøystes
- Reduksjon godtgjersle folkevalde – Nedstemt med 6 mot 1 røyst
- Nærings- og bustadareal – Samrøystes
- Breiband – Samrøystes
- Trafikkljos etter Industrivegen - Nedstemt med 4 mot 3 røystes

**Vedtak:**

1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2019-2022 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i Kommunestyret si handsaming.
2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2019-2022 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2019, jfr. Budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Ombudsløn blir sett til kr. 645 400 (2% auke), jfr. Reglement for frikjøp, godtgjersle med meir for kommunale ombud, sak 20/04 vedteke 04.05.04, pkt. 1.0, sak 36/08 vedteke den 24.06.08 og revidert 14.05.2013, sak 30/13.
4. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 84% av stortingsrepresentantløn
5. Marginavsetning for skatt i skatterekneskapen er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05